

FORELØREINFO JUNI 2025



Skulen anbefalar sommarleskampanjen i ferien! Gå innom biblioteket for meir informasjon, inspirasjon og premiering.



Bjerkreimsverden

Torsdag var me så heldige at me fekk ei lita føråpning på Bjerkreimsverda. Små og store fekk ta dei fleste leikeområda i bruk, og det såg ut til å falle veldig i smak. Nå er området stengt igjen så dei siste apparata blir klargjort og beplantning kjem på plass. Dersom alt går etter planen vil alt vera klart i løpet av ferien, så når de ser at sikringsgjerda er tatt ned er alle hjartelege velkomne til å ta ibruk den flotte «verda» me har fått.

Skulesong

5. klasse hadde under opning av Bjerkreimsverda premiere på den nye skulesongen vår «Samen med deg». Dette er ein song alle elevane skal få bli betre kjent med utover hausten. Tusen takk til Hildegunn Gjedrem som har laga denne for oss.

Juni har gått fort med førskuledag, aktivitetsdagar, uteskule, turar, opning av Bjerkreimsverda, avslutning for 7.trinn og ikkje minst fotballkamp mellom 7.trinn og oss vaksne på skulen. Me er heldige som får oppleve alt dette i lag med barna dykkar.



Tusen takk for samarbeidet i året som har gått og håper alle får ein god sommar. Me gler oss til å treffe alle igjen første skuledag 14.august.

Med venleg helsing
Charlotte og Marianne